



## ÅRSRAPPORT 2014

# 1. Leiarrapport

Grunnlaget for aktiviteten ved Nynorsksenteret i 2014 har vore *Oppdragsbrev for 2014* og *Tiltaksplan 2 (2014-2016)*. Vi har i all hovudsak nådd måla i årsplanen. Tilbakemeldingane frå målgruppene våre er gode. Vi har følgd opp Utdanningsdirektoratet sitt pålegg om å redusere overført beløp frå tidlegare års mindreforbruk, og rekneskapen for grunnløyvinga endar i 2014 nokså nær budsjett (97%). Personalsituasjonen har vore stabil. Ein ny medarbeidar har byrja i løpet av året, ingen har slutta.

Oppgåvene/tiltaka i 2014 kan grupperast i seks hovudkategoriar:

1. Nye/utvida nettressursar (både eigne tilbod og uttrinn-ressursar utvikla etter tinging frå Udir)
2. Lese- og skrivestimuleringstiltak (både eigne prosjekt, samarbeid med andre senter og med eksterne partnarar)
3. Formidling/marknadsføring (blad, nettside, sosiale medium, debatt, fagartiklar)
4. UH-samarbeid (UH-nett Vest, HVO, HiSF, NOLES)
5. Tiltaksplan 2 (2014-16) med tre satsingsområde: 1) karakterforsøk vg, 2) tidleg mellomtrinn-start, 3) formidlarskolering.
6. Større ad hoc-prosjekt: barnehagefilmen «Egget», vertskap for fagsamlinga for alle dei nasjonale sentera.

Dei fleste av tiltaka under punkt 1-4 er fleirårige. Dvs. at dei tok til i 2013 eller før og/eller dei held fram i 2015. Godkjenning av og løyving til Tiltaksplan 2 (2014-2016) kom i november 2013. Arbeidet er godt i gang, og dei tre satsingsområda har vore høgt prioriterte i 2014. Ressursar og rapportar frå Tiltaksplan 2 vil bli levert i løpet av hausten 2015 og våren 2016.

Nye nynorsk-prosjekt saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkesbiblioteket og kulturavdelinga i dette fylket har styrkt hovudmålsatsingane. Dei to største, fleirårige sidemålprosjekta (i tillegg til Tiltaksplan 2) er for tida ved Sortland vidaregåande skole i Sortland (Nordland) og Torstad ungdomsskole i Asker (Akershus).

2014 har vore eit år med mange og gode samarbeidsprosjekt i senterfamilien. Døme på det er utviklinga av nettressursar til ungdomstrinnsatsinga i samarbeid med Lesesenteret, oppfølginga av vg-karakterforsøket saman med Skrivesenteret og arbeidet med manus til barnehagefilmen. Der hadde vi god dialog med alle, inkludert IKT-senteret. I tillegg har vi halde fram det godt etablerte samarbeidet om drift av NOLES-nettverket. Dei uformelle møta i «senterleiar-forumet» i forkant av senterleiar møta i Udir-regi har også vore med på å skape godt samarbeidsklima mellom dei ti sentera.

Kontakten med Udir har vore god, men prega av nye rutinar i samband at den nyoppretta styringsavdelinga tok over oppfølginga av dei nasjonale sentera i 2013. Fleire av møta i Udir-regi har elles vore prega av den pågåande evalueringa av mandata til og organiseringa av dei nasjonale sentera.

Samarbeidet med vertsinstitusjonen Høgskulen i Volda (HVO) er også godt. Både leiaren og dei andre tilsette ved Nynorsksenteret har god kontakt med dei relevante fagmiljøa (særleg norsk og lærarutdanning) om faglege spørsmål. Leiaren har også hatt fleire uformelle møte og samtalar med HVO-leiinga om tekniske/administrative saker. Avtalen mellom Nynorsksenteret og vertsinstitusjonen om dekningsbidrag (overhead) vart reforhandla i mai 2014.

Nynorsksenteret deltar aktivt i nettverk og forum som er relevante for vårt fagområde. I 2014 har vi m.a. hatt møte og samarbeid med Nynorsk kultursentrum, Språkrådet, Landslaget for nynorskkommunar, Nynorsk Forum, Noregs Mållag og det Norske Samlaget. Desse kontaktane er nyttige for alle partar, både fordi vi her held oss oppdaterte om kva som skjer i den nynorske offentlegheita og fordi vi kan vere bindelekk andre vegen frå forvaltinga til interesseorganisasjonane.

Volda, 16. februar 2015  
Torgeir Dimmen  
Senterleiar

## 2. Introduksjon til verksemda

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret, NSNY) vart oppretta i mars 2005. Det er eit nasjonalt senter underlagt Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet. Senteret er oppretta og styrt etter § 1.4 i universitets- og høgskulelova. Fagleg styring skjer etter årlege oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet. Administrativt blir senteret styrt frå vertsinstitusjonen Høgskulen i Volda.

Samfunnsoppdraget til Nynorsksenteret er todelt. Saman med dei andre nasjonale sentera skal vi bidra til at den opplæringa som foregår i barnehagar og skular byggjer på kvalitetssikra kunnskap om kva som er god undervising og at opplæringa er i samsvar med vedtekte rammeplanar og læreplanar. I tillegg har Nynorsksenteret ei viktig rolle som aktør for å nå måla i den offisielle norske språkpolitikken, slik han er uttrykt i St.meld. 23 (2007-2008) *Språk bygger broer* og St.meld. 35 (2007-2008) *Mål og Meining – ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Etableringa i 2005 var elles ei direkte oppfølging av St.meld. 30 (2003-2004) *Kultur for læring*, der etableringa av eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vart nemnt eksplisitt.

Nynorsksenteret har som mandat å «bidra til auka kvalitet i arbeidet med nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa. Senteret skal vidare bidra til interesse og motivasjon for nynorsk i barnehagen og grunnopplæringa.» For å oppfylle dette mandatet samarbeider vi først og fremst med skule- og barnehageeigarar, tilsette i grunnopplæringa og UH-sektoren. I tillegg har vi mykje kontakt med interesseorganisasjonar, institusjonar og private foretak som arbeider for å fremje forståinga for og bruken av nynorsk i Noreg.

Torgeir Dimmen har vore senterleiar sidan 1.1.2012. Han er tilsett i eit åremål til 31.12.2015. Pr. desember 2014 har Nynorsksenteret 11 tilsette. Av desse er ein tilsett i 0,5 stilling knytt til administrasjon. Resten er fagstillingar, inkludert ein ph.d-stipendiat. Talet på årsverk er i utgangspunktet 9,5, men pga. permisjonar og frikjøp i deler av året har det samla talet på årsverk i 2014 vore noko lågare, ca. 8,7.

Nynorsksenteret har heilt sidan starten i 2005 hatt eit eige fagråd. Dei siste åra har det hatt fem medlemmer. Dette er fagpersonar med litt ulik kompetanse innanfor fagfeltet nynorskopplæring. Fagrådet har ikkje noko formell mynde over drifta av senteret, men fungerer som eit forum der leiaren og dei tilsette kan ta opp og drøfte overordna problemstillingar knytt til mandatet og oppdragsbrevet. I 2014 har det vore avvikla to møte i fagrådet, eitt i kvart halvår.

Pr. desember 2014 har fagrådet slik samansetjing: Jan Olav Fretland (leiar, 1. amanuensis HiSF), Randi Solheim (1. amanuensis/forskar HiST), Karen Marie Kvåle Garthus (avdelingsleiar Valdres vg. skule), Birgitte Fondevik (instituttleiar HVO), Knut Åge Teigen (oppvekstsjef Luster kommune).

Vertsinstitusjon er Høgskulen i Volda (HVO) i Volda. Senteret held til i eit mindre kontorbygg i utkanten av campus, men med kort avstand til sentraladministrasjonen (m.a. rektor og direktør) og dei mest aktuelle fagmiljøa (norsk, lærarutdanning). I HVO-strukturen er senteret ikkje underlagt ei av dei fire avdelingane, men ligg direkte under sentraladministrasjonen som ei eiga, frittstående eining. Attestasjon av rekningar, utarbeiding av arbeidsplanar og å gjennomføre medarbeidarsamtalar er delegert til senterleiaren. Dei tilsette ved Nynorsksenteret har elles dei same rettane som dei andre HVO-tilsette m.o.t. oppfølging frå drift/IT, bibliotek, personal og økonomi.

Dei organisatoriske rammene rundt drifta har vore stabil dei siste åra, med godt etablerte rutinar for kontakt med vertsinstitusjonen og Utdanningsdirektoratet. Talet på tilsette har også vore stabilt.

### **Nøkkeltal frå årsrekneskapan**

Årsverk: 8,7\*

Samla tildeling frå Direktoratet: 8 676 000\*\*

Utnyttingsgrad av tildeling (i 2014): 110 %

Driftsutgifter: 9 440 000

Lønsandel av driftsutgifter: 61 %

Lønsutgifter pr. årsverk (inkl. sosiale utgifter): 662 000

Dekningsbidrag (i kroner og i prosent av grunntildelinga): 1 023 000 / 13 %

\* Reelt tal 2014. Formelt tilsett: 9.5 stillingar.

\*\* Grunnløving + løyving til ekstra oppdrag i oppdragsbrev. Seinare tildelt tilskot til sentersamling (kr 180 000) ikkje medrekna.

## 3. Årets aktiviteter og resultat

### 3.1. Felles oppgaver i 2014

#### 3.1.1 Rammeplan- og læreplanrelatert aktivitet

3.1.1.1 Bistå direktoratet med å utvikle pedagogiske støtteressurser til barnehagen. (sjå 3.1.2.1)

3.1.1.2 Sentrene skal sammen utvikle en film som viser barnehagens tverrfaglige arbeid og synliggjør sentrenes arbeid på barnehageområdet.

- Nynorsksenteret har hatt hovudansvaret for å produsere ein filmressurs som viser korleis ressursar frå alle dei nasjonale sentera kan brukast til tverrfagleg arbeid i barnehagen. Filmen (og tilleggsressursane) blir ferdigstilt og publisert i feb. 2015. (Sjå utfyllande omtale i senterespesifikk del, punkt 3.2.1.1)

3.1.1.3 Delta i direktoratets arbeidsgruppe om oppgaver på barnehagefeltet.

3.1.1.4 Bistå direktoratet i implementering av direktoratets veiledere om arbeid med språk og trivsel i barnehagen.

- Saman med Lesesenteret har vi utvikla læringsressursen «Bokstavsommaren». Ferdigstilling og lansering i februar 2015. (Sjå utfyllande omtale i senterespesifikk del, punkt 3.2.1.2)

- Nynorsksenteret har i 2014 vore representert på alle møte i Udir-regi med tema «barnehage». Vi har etablert samarbeid med barnehagelærerutdanninga ved HiSF om opplæring i litteraturformidling (sjå også punkt 3.1.2.1).

3.1.1.5 Bistå direktoratet i justering og videreutvikling av læreplaner for fag i grunnsopplæringa.

I august hadde vi møte med Udir si fagnemnd i norsk vgo i samband med at dei hadde arbeidsmøte i Ørsta.

3.1.1.6 Utvikle, oppdatere og formidle gratis ressursar og støttemateriell i grunnsopplæringa.

- Nynorsksenteret har samarbeidd med Lesesenteret om å utvikle fem ressursar til bruk i ungdomstrinnsatsinga. Desse er publiserte på [udir.no](http://udir.no). Vi har også laga eit praksisdøme saman med Matematikksenteret og vi har gitt innspel til Skrivesenteret på nokre av deira ressursar.

- Vi har utvida og revidert nettressursen «Berte og Iver» for barnehage og småskule, og vi har arbeidd med å legge til rette for at denne kan brukast på telefon og nettbrett. Dette vil bli fullført våren 2015.

- Vi har produsert og publisert ein film om eit undervisingsopplegg i språkhistorie, i samarbeid med ein ungdomsskulelærer.

- Vi har utvikla ein digital, fullstendig katalog over nynorsk barne- og ungdomslitteratur, i samarbeid med aktuelle forlag. Lansering i februar 2015.

- Vi har utvida og utvikla ressursbasane [nynorskbok.no](http://nynorskbok.no) (skjønnlitteratur) og tekstbasen (sakprosatetekstar i ulike sjangrar). [Nynorskbok.no](http://Nynorskbok.no) med våre eigen bokomtalar er kopla saman med den fullstendige bok-katalogen (sjå over).

3.1.1.7 Sentrene skal samarbeide med direktoratet om publisering i den nye visningen av læreplaner på [www.udir.no](http://www.udir.no)

Nettansvarleg har deltatt på fellesmøte for alle nettredaktørane ved sentera.

3.1.1.8 Sentrene skal videreføre samarbeidet om utvikling og publisering av nettbaserte tenester.

Vi har samarbeidd med lesesenteret om å utvikle «Bokstavsommaren», ein nettressurs for barnehagen (sjå utfyllande omtale i senterespesifikk del, punkt 3.2.1.2). Sjå også punkt 3.1.1.6 over.

*3.1.1.9 Sentrene skal bidra i gjennomføringen av nasjonale satsninger (Utrinn, Ny GIV, FYR)*

- Ungdomstrinn i utvikling: Viktigaste bidraget i 2014 har vore utviklinga av nettressursane som er publiserte på udir.no (sjå punkt 3.1.1.6 over.) Vi har også deltatt på nasjonale og regionale samlingar og deltatt i gruppa ved Høgskulen i Volda som gjennomfører denne skoloringa.
- Nynorsksenteret har ikkje hatt oppdrag knytt til Ny GIV og FYR i 2014.

### **Generelt om ressursbruk knytt til 3.1.1.3 – 3.1.1.9:**

Alt arbeid har blitt utført innanfor ordinære stillingsrammer og finansiert innanfor grunnløyvinga. Produksjon av barnehagefilmen (punkt 3.1.1.2) fekk eiga løyving i senterespesifikk del i Oppdragsbrevet. Også denne ressursen vart produsert innanfor budsjett. I 2014 har vi hatt meir og betre samarbeid med dei andre nasjonale sentera om utvikling av filmar og nettressursar enn nokon gong før. Dette har vore givande for alle partar, og det har gitt gode sluttprodukt. Mest krevjande var produksjonen av barnehagefilmen, der vi hadde tett kontakt med alle dei elleve sentera (inkl. IKT-senteret) i arbeidet med manus.

## **3.1.2 Kvalitetsutvikling i barnehagen og grunnsopplæringa**

*3.1.2.1 Bidra med støtte og veiledning for å styrke fagdidaktisk virksomhet og utvikling i barnehagesektoren og grunnsopplæringssektoren på sentrenes fagområder. Bistå barnehageeiere, barnehagemyndighet og skoleeiere gjennom kvalitetsutviklingstiltak. Ta initiativ til kvalitetsutviklingstiltak i samarbeid med barnehageeiere, skoleeiere og UH-sektoren/lærerutdanningen.*

- Vi har vidareført to store sidemålsprosjekt, eitt på ungdomstrinnet (Torstad ungdomsskole i Asker) og eitt på vidaregåande trinn (Sortland vg. skole i Sortland). Begge prosjekta er fleirårige (3-4 år), og held fram i 2015. Sommaren 2014 avslutta vi eit to-årig lærebokprosjekt ved Stavanger Katedralskole. Dette vart dokumentert med eigen film i 2013.
- Vi har vidareført prosjektet «Å skrive i norskfaget» i samarbeid med to lærarar på to ungdomsskular. Målet er betre og meir systematisk rettleiing i språkundervisinga.
- I oktober gjennomførte vi prosjektveka «Klart vi les» i samarbeid med Aasentunet og Møre og Romsdal fylkesbibliotek. Dette er eit årleg litteraturformidlingsprosjekt for lærarar og skuleelevar, i år for mellomtrinnet.
- Vi har etablert ordninga «Lesefrø» i tre kommunar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, i samarbeid med folkebiblioteka. Dette er eit litteraturformidlingsprosjekt for barnehagane.
- Medarrangør med fleire innlegg på to dagskonferansar om formidling av nynorsk barne- og ungdomslitt (Stord og Førde).
- Vi har etablert samarbeid med VOX og læringscentera på søre Sunnmøre om å utvikle fleire og betre nynorske læringsressursar for framandspråklege. Det omfattar ei nettbasert lettles-avis og bruk av lettles-bøker for denne målgruppa.
- Vi har samarbeidd med Høgskulen i Sogn og Fjordane om å utvikle ein praksisbasert modul i barnehagelærerutdanninga om litteraturvurdering og litteraturformidling. Målet er å eksportere modellen til andre lærerutdanningar.
- Vi har presentert nynorskdidaktikk og -metodikk, eigne ressursar og prosjekt for studentar og fagtilsette ved tre-fire lærerutdanningsinstitusjonar. Vi har også tilbydd samarbeid om utvikling av masterprosjekt.

*3.1.2.2 Gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren om kompetanseutvikling for lærere.*

- Saman med ein fagtilsett ved HiSF har ein av våre tilsette fått midlar (frå KUD) til å førebu ei større undersøking av språkmeistring hjå nynorskelevar. Dei skal bruke tekstar frå basen til NORM-prosjektet (HIST/Skrivesenteret) og målet er å utvikle ein eigen nynorsk språkdidaktikk. Denne undersøkinga vil bli gjennomført i 2015.

- Vi har byrja arbeidet med å etablere eit nettverk av nynorsk-kontaktar ved alle lærarutdanningane. Målet er å sikre at alle institusjonane har eit tilbod som er i samsvar med dei overordna målsetjingane for språkopplæringa på GLU og BLU.

*3.1.2.3 Drifte og lede faglige nettverk mellom universiteter og høyskoler og nasjonale senter*

- Nynorsksenteret har også i år drive NOLES-nettverket saman med Skrivesenteret og Lesesenteret. Det har blitt arrangert to samlingar (Gardermoen i februar, Oslo i oktober) med til saman ca 100 deltakarar. I 2014 har det også blitt arbeidd med å planlegge ein stor fagkonferanse for NOLES-nettverket på Schæffergården i Danmark i mars 2015. Dette er i samarbeid med Nationalt Videncænter for Læsning, Danmark.

### **Tidsperspektiv, ressursbruk og målsetjing:**

Så å seie alle prosjekta/tiltaka som er tatt med i punkt 3.1.2 går over fleire år. Unntaket er produksjon av enkelståande filmar. Netteressursane blir kontinuerleg reviderte og oppdaterte. Med unntak av ei mindre ekstern løyving frå KUD (kr 100 000, sjå 3.1.2.2) er alt finansiert innanfor grunnløyvinga. I svært mange av prosjekta samarbeider vi med andre aktørar som arbeider med (ny)norskopplæring. Det er andre nasjonale senter, kommunar, offentlege eller halvoffentlege tiltak (læringsssenter, VOX, Nynorsk kultursentrum), interesseorganisasjonar (t.d. Mållaget og LNK) og kommersielle interesser (t.d. forlaget Samlaget). Dette gir betre og meir varige prosjekt og det er med på å bygge nettverk.

Den overordna målsetjinga for tiltaka retta mot barnehage og skule er å spreie kunnskap og skape bevisstheit om kva som skal til for å drive systemtisk nynorskopplæring. Saman med UH-sektoren ynskjer i å utvikle ny kunnskap, både om fagområdet «nynorskopplæring» generelt og om «god metodikk» spesielt. Vi får gode tilbakemeldingar på bidraga våre frå barnehagar, skular, UH og andre samarbeidspartnarar, men kan vanskeleg dokumentere direkte og varig effekt utover det.

## **3.1.3 Dokumentasjon, analyse og forskning**

*3.1.3.1 Kjenne til og bruke relevant kunnskapsgrunnlag som for eksempel evalueringer, studier, statistikk og forskning i sentrenes arbeid for og i sektoren.*

*3.1.3.2 Samle, systematisere og spre resultatene fra forsknings- og utviklingsarbeid til sektorene.*

- Generelt: NSNY-tilsette held seg oppdaterte på relevant forskning gjennom lesing av faglitteratur og deltaking på kurs og konferansar. Det er også mykje uformell og direkte kontakt mellom NSNY-tilsette og fagpersonar i UH-miljøa. Dei mest aktuelle fagområda er skrive- og leseforskning, pedagogikk, didaktikk og språkvitskap. Fleirspråkperspektivet har fått mykje merksemd dei siste åra, og her er det etter alt å døme også meir å hente for oss.

- Også i 2014 har vi hatt mykje kontakt med Skrivesenteret i Trondheim og Lesesenteret i Stavanger i ulike samanhengar. Vi har m.a. kome med innspel til deira bidrag i Ungdomstrinnsatsinga og elles hatt god dialog om ymse faglege spørsmål.



- Vi formidlar aktuell forskning og eigne (og andre sine) praksisrøynsler i mange kanalar. Dei viktigaste er nettsida *nynorsksenteret.no* og vårt eige fagblad «Nynorskopplæring». Det kjem tre gongar i året med eit opplag på ca 2500.
- Vi publiserer vi innlegg på debatt- og kommentarplass i dagspressa og som foredragshaldarar i ymse samanhengar, m.a. på kommunale eller regionale fagdagar for norsklærarar.
- Vi publiserer stadig saker på Facebook-sida, i snitt minst ein gong i veka. Der har vi no ca. 2500 følgjarar (nest mest av dei nasjonale sentera). I samband med konferansar og seminar er vi også aktive på twitter.
- Vi har utvida samlinga med akademiske tekstar og prosjektrapportar på nettstaden. Dette oversynet blir kontinuerleg oppdatert og forbetra.
- Nynorsksenteret deltar i Nynorsknettverket i UH-nett Vest (samanslutning av UiB og høgskulane på Vestlandet). Vi er formelt berre observatør, men er aktivt engasjert i fleire tiltak, m.a. som ein av to redaktørar i ei fagfellelevert artikkelsamling. Denne kjem ut våren 2015, og inneheld fleire bidrag frå tilsette ved Nynorsksenteret.
- Nynorsksenteret er representert med to artiklar i artikkelsamlinga «Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald» (Novus 2014).
- I juni disputerte ein NSNY-tilsett for ph.d-graden ved Det humanistiske fakultet ved UiO. Tittelen på avhandlingsa var «I det mykje skrivne. Ei undersøking av ungdoms digitale tekstar i skule og fritid som situerte, retoriske handlingar»
- Prøveforelesinga frå ph.d-disputasen til ein (norsk)lærerutdannar ved HVO er brukt som grunnlag for ein av ressursane vi laga til Utrinn-satsinga (sjå 3.1.1.6).
- To tilsette har hatt små engasjement som rettleiarar for masterstudentar ved Ivar Aasen-instituttet ved HVO.
- Vi har kartlagt korleis den norske språksituasjonen med to offisielle målformer er framstilt i eit utval lærebøker på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Dette vil bli følgt opp våren 2015.
- Nynorsksenteret ga innspel til Udir i samband med oppfølging av oppdragsbrev 28-13 (Oppfølging rapport frå ressursgruppa for nynorsk som hovudmål).

### **Ressursbruk og målsetjing:**

Dei fleste tiltaka i punkt 3.1.3 er finansiert innanfor grunnløyvinga. Unntaket er ph.d-arbeidet og masterrettleiinga, som begge hadde ekstern finansiering. Det er vanskeleg å vurdere måloppnåing og effektar også for denne delen av oppdragsbrevet, men dei siste par åra har vi vore ekstra opptekne av å arbeide med (og presentere) teori og forskning som kan vere relevant for *nynorsk*-undervising spesielt. Kva er det som skil opplæring i nynorsk (både som hovudmål og sidemål) frå opplæring i bokmål? Prosjekta «Å skrive i norskfaget» (punkt 3.1.2.2) og «nynorsk språkdidaktikk» (3.1.2.3) er døme på tiltak som kan gi auka kunnskap om akkurat dette emnet.

## 3.2 Senterspesifikke oppgaver

*3.2.1.1 Koordinere samarbeid mellom sentera om å utvikle ein film som viser tverrfagleg arbeid i barnehagen og synleggjer oppgaver til sentera på barnehageområdet.*

Nynorsksenteret sende ut anbod om produksjon av film om «heilskapleg læring i barnehagen» i april. Vi skreiv kontrakt med produsenten Snöball film i mai. Saman med dei utvikla vi manus i løpet av sommaren. Det var ferdig i september. I denne perioden hadde vi tett kontakt med dei andre sentera for å sikre at filmen dekkja alle fagområda. Opptak vart gjort ved ein barnehage i Hareid i byrjinga av oktober. Førsteutkastet var klart rett etter årsskiftet, og endeleg versjon blir ferdig i februar 2015. Produksjonen er gjennomført innanfor budsjetttramma på 500 000. (Sjå også punkt 3.1.1.2.)

*3.2.1.2 I samarbeid med Lesesenteret utvikle ein pedagogisk ressurs knytt til boklesing på nynorsk for alle aldersgrupper i barnehagen.*

Saman med Lesesenteret har vi utvikla «Bokstavsommaren», ein nettbasert ressurs som gjer born kjende med bokstavane i alfabetet. Forfattaren Erna Osland har skrive dei 29 tekstane og Inger Lise Belsvik har illustrert. I tillegg kjem tilhøyrande opplegg for bokstavutforskning i barnehagen. Deler av ressursen vart først presentert på Naturfagsenteret sin konferanse «Forskerfrø» i byrjinga av februar 2015. Ferdig opplegg blir tilgjengeleg på nettet seinare i månaden. Ressursen er produsert innanfor tildelt budsjetttramme.

*3.2.1.3 Vidareføring av utvalde prosjekt frå Tiltaksplanen 2009-2012 - Tiltaksplan 2:*

- Tidleg start – fokus på mellomtrinnet (sidemål):

Våren 2014 laga vi skisse til opplegg og inviterte skular til å delta i dette prosjektet. Vi fekk litt færre napp enn vi hadde vona, men frå hausten 2014 er klasser/elevlar på mellomtrinnet ved tre skular med. Dei ligg i Bodø, Lørenskog og Trondheim, og alle elevane ved dei aktuelle skulane har bokmål som opplæringsmål. I samråd med oss lagar dei «lågterskel-opplegg» for å lese og skrive på nynorsk, i samsvar med kompetansemåla i læreplanen. Vi har også hatt kontakt med Bergen kommune om eit tilsvarande opplegg for fire-fem av skulane der. Det vil i så fall kome i gang frå hausten 2015.

- Arbeid med nye vurderingsformer i vg. skule i samarbeid med Skrivesenteret.

Saman med Skrivesenteret har vi arrangert to arbeidsseminar for ca 20 vidaregåande skular (Gardermoen i mars, Ørsta i november). Alle er med på forsøket med ein eller to norskkarakterar i første og andre året, og det er god geografisk spreiding. På samlingane har det vore ein kombinasjon av erfaringsutveksling og foredrag ved ressurspersonar. Målet er å utveksle erfaringar og samle røynsler frå nye måtar å drive sidemålsundervising på. Den tredje og siste samlinga for denne gruppa blir avvikla i april 2015. Oppsummerande sluttrapport kjem før sommaren.

- Etablere formidlarnettverk.

Målet med denne satsinga er å etablere eit nettverk av nynorske «Lesegledarar», etter modell frå Lesesenteret. Vi skal bygge opp grupper regionalt som får skolering i å presentere god nynorsk litteratur i ulike sjangrar for ulike aldersgrupper. Disse vil først og fremst bli rekrutterte blant barnehagetilsette, lærarar og bibliotekarar. Hausten 2014 har vi samarbeidd med Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane om å rekruttere den første gruppa. Lanseringa av opplegget skjedde på eit formidlingsseminar i Førde i november, første samling for dei påmelde blir i februar 2015.

#### 3.2.1.4 Utvikle ressursar på nynorsk i tilknytning til nasjonale satsingar.

Saman med Lesesenteret har vi i 2014 utvikla fem nettressursar for ungdomstrinnet:

- 1) Korleis kan ein betre elevane sine ferdigheiter i sidemål? Skuleutvikling og endring av praksis (Torstad ungdomsskole).
  - 2) Leseopplæring i samfunnsfag for elevar med nynorsk som sidemål. Lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk. Lesing i samfunnsfag.
  - 3) Frå dikt til teikneserie og film. Tolking av tekst gjennom omforming. Lesing i norsk.
  - 4) Å utforske nynorsk gjennom skjønnlitteratur. Lesesirkel med rollekort i språkopplæringa. Lesing i norsk.
  - 5) Korleis arbeide med informasjon frå fleire kjelder? Lesing av multiple tekstar. Praksiseksempel med film. Lesing i naturfag.
- Alle ressursane ligg no ute på udir.no.  
(Sjå også punkt 3.1.1.6.)

#### **Ressursbruk og målsetjing:**

Til 3.2.1.1 og 3.2.1.2 fekk vi øyremerkte løyving til å lage nye undervisningsressursar, til saman 1 mill. kroner. Begge produksjonane er gjennomførte innanfor denne ramma. Opphavleg tidsplan var at alt skulle vere ferdig til årsskiftet. Det blir februar 2015, men ei slik lita forseinking synest vi må akseptere ved så store og kompliserte prosjekt.

Til å finansiere gjennomføring av Tiltaksplan 2 (punkt 3.2.1.3) fekk vi i november 2013 ei ekstraløyving på 1 mill. Ein stor del av dette er brukt i 2014 på dei to vg-samlingane. I tillegg litt på møteverksemd i samband med tidleg start-satsinga og etableringa av leseledar-skoleringa. Totalt har vi no brukt vel 62 % av løyvinga. Vi budsjetterer med å bruke resten i 2015. Det kan i tillegg vere aktuelt at vi i 2015 og 2016 supplerer denne posten med oppsparte midlar frå tidlegare år for å finansiere fullføring av alle tre satsingsområda. Sjå elles kommentar om dette i rekneskapsrapporten.

I 2014 har nokre av dei tilsette brukt store deler av arbeidstida si på senterespesifikke oppgåver. Dette har vi vurdert som ei rett investering, sidan alle desse prosjekta heng tett saman med andre tiltak i den generelle delen av oppdragsbrevet. Vi har nådd måla med produksjonane i punkt 3.2.1.1, 3.2.1.2 og 3.2.1.4 – med det vesle atterhaldet om tidssprekk. Om meir overordna mål – betre og meir systematisk nynorskundervisning – er det uråd å seie noko sikkert.

For Tiltaksplan 2 (punkt 3.2.1.3) ligg vi litt etter skjema for to av dei tre satsingsområda (tidleg start og leseledar), men målet er å kome i mål med alt som planlagt i løpet av 2015 og 2016.

### **3.3 Andre oppdrag frå Utdanningsdirektoratet (ikkje relevant)**

### **3.4 Oppdrag frå andre oppdragsgivarar som er utført i 2014 (ikkje relevant)**

## 4. Styring og kontroll

Nynorsksenteret er ein liten og oversiktleg organisasjon med 10-11 tilsette og minimal administrasjon. I tillegg til leiaren brukar vi berre 0,5 årsverk på ei rein administrativ stilling. Resten av dei tilsette arbeider i all hovudsak med faglege oppgåver. Leiaren har ofte kontakt med styringsavdelinga i Utdanningsdirektoratet om faglege spørsmål og med administrasjonen ved Høgskulen i Volda om administrative saker (særleg økonomi og personal). Vi har følgd opp Udir og HVO sine rutinar og fristar for rapportering, og har ikkje fått tilbakemelding om avvik.

Vi vurderer resultat- og rekneskapsinformasjonen som relevant og påliteleg. Dei tertialvise rapportane kan nokre gonger vere misvisande pga. forskyving av utbetalingar og refusjonar, men årsoppgjeret (med tilhøyrande kommentarar) gir alltid eit tilnærma korrekt bilete av den økonomiske stoda.

Den viktigaste grunnen til at vi kan bruke ein så liten del av den årlege løyvinga til administrasjon, er at vi er ein heilt integrert del av HVO-systemet for personal, arkiv, fakturaer, IT og anna teknisk drift. Desse tenestene betalar vi for gjennom dekningsbidraget til vertsinstitusjonen. Det er elles vanskeleg å vurdere om ressursbruken vår er «effektiv». Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på kvaliteten på det vi gjer, både frå dei viktigaste målgruppene og Utdanningsdirektoratet, men det aller meste av dei tenestene vi leverer med utgangspunkt i oppdragsbrevet kan ikkje teljast og målast på ein enkel måte.

For nokre av prosjekta i 2014 har vi ikkje greidd å halde oppsett tidsplan. I praksis har dette berre ført til seinare ferdigstilling eller rapportering, ikkje manglande gjennomføring. Her har vi potensial for forbetring, først og fremst ved å arbeide meir med fristar og målsetjingar i årsplanen, slik at den blir meir realistisk. Ein meir gjennomarbeidd årsplan vil også vere ein god reiskap for å få til rett prioritering og effektiv gjennomføring av dei ulike tiltaka.

## 5. Vurdering av framtidsutsikter

I NIFU-rapporten «Evaluering av de nasjonale sentrene i opplæringen» (levert til Udir i desember 2014) står m.a. dette: «På alle sentrene vi har besøkt, omtales det aktuelle senteret som annerledes enn de andre. [...] Rapportering og involvering i nasjonale satsinger oppfattes derfor som bedre tilpasset «de andre» sentrene» (s. 10).

Dei andre sentera får svare for seg. For Nynorsksenteret sin del kan særpreget vårt oppsummerast i to doble punkt:

- Sidemål og hovudmål
- Språkpolitikk og språkstrid

Nynorskopplæring i Finnmark og i nynorskopplæring i Sogn og Fjordane er to svært ulike øvingar. For å undervise i nynorsk sidemål treng ein andre ressursar og strategiar enn i dei ein kan nytte i dei nynorske kjerneområda. For hovudmålstiltaka våre er primærmålgruppa dessutan berre 10-15 prosent av det samla talet på born og unge i Noreg. Resten skal ha sidemålsopplæring, som for dei fleste byrjar først på ungdomstrinnet.

Dei sentrale målgruppene våre har altså to svært ulike behov alt etter kva målform som gjeld i den aktuelle barnehagen eller skulen. Vi har i prinsippet eit nasjonalt oppdrag – som alle dei andre sentera – men for alle barnehagar og dei aller fleste barneskular i bokmålsområde blir vi truleg oppfatta som irrelevante. Dette kan også vere med på å forklare kvifor vi skårar lågt når skuleleiarar over heile landet blir spurde om kjennskap til og bruk av ressursar for Nynorsksenteret.

Alle dei nasjonale sentera er oppretta for å bidra til at den statleg vedtekte utdanningspolitikken blir gjennomført. Nynorsk-senteret har ei viktig rolle i tillegg. Vi skal også delta aktivt i arbeidet med å gjennomføre den offisielle språkpolitikken. Føresetnaden for den 130 år gamle ordninga med to formelt likestilte, nasjonale skriftspråk er at det blir gitt god opplæring i begge målformene over heile landet. Det er difor det ofte blir mykje større strid når norskplanen skal reviderast enn ved revisjon av andre fagplanar. Vi kan heller ikkje gå ut frå at alle lærarar, skuleeigarar og politikarar står heilhjarta opp om mandatet vårt. Ingen er imot betre opplæring i skriving, lesing, matematikk, naturfag, framandspråk eller tiltak for betre klassemiljø. Men mange vil redusere nynorskopplæringa.

Med andre ord: Vårt fagområde er også politikk, og det må vi av og til ta omsyn til i det daglege arbeidet.

Vi føreset at ordninga med formell likestilling mellom nynorsk og bokmål som nasjonale skriftspråk held fram i overskødeleg framtid. I Stortingsmeldinga *På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen* (Meld. St. 20 (2012-2013)) er det formulert slik: «Regjeringen vil opprettholde både bokmål og nynorsk som fullt utbygde, samfunnsbærende skriftspråk» (s. 69).

Dette prinsippet har det vore offentleg ordskifte om heilt sidan Ivar Aasens tid, men førebels er det ingen seriøse politiske parti som har foreslått å endre ordninga. På den andre sida er det stadig press frå ulikt hald – også frå seriøse politiske parti – om å endre gjeldande lover og forskrifter om språkbruk i ei retning som i praksis vil svekke nynorsken si stilling i Noreg. Manglande etterleving av mållov og opplæringslov dreg i same leia. I tillegg forsvinn nynorsk som opplæringsmål i randsonene, noko som er medverkande til at kurven for skulemålsprosenten stadig peikar nedover.

På den andre sida blir nynorsk og nynorsknær dialekt stadig meir akseptert på nye arenaer, t.d. i media, reklame, underhaldning og i rikspolitikken. Det er dessutan truleg mindre hets og fordommar blant «folk flest» utanfor nynorsk-områda enn det var før. Utviklinga mot eit meir multikulturelt og multispråkleg Noreg kan også vere med på å auke forståinga for den «gamle» språkvariasjonen i landet. Dei siste åras merksemd om fordelane ved å vere fleirspråkleg dreg i same leia.

Dersom framtidige regjeringar held fast på gjeldande overordna målsetjing for norsk språkpolitikk, vil Nynorsksenteret kunne spele ei viktig rolle i utdanningssystemet også i framtida. Ei ny språklov og/eller nye ramme- og læreplanar for barnehage og skule kan gi nye utfordringar og nye oppgåver, men vi vil tru at direktorat og departement uansett vil ha behov for eit fagmiljø med vår spisskompetanse.

Dei siste åra har det frå regjeringshald vore lansert fleire nye satsingar for skulen og lærarutdanninga. Etterutdanning av lærarar er eitt av desse tiltaka, overgangen til femårig grunntdanning eit anna. Kompetanseheving i nynorsk er ikkje nemnt eksplisitt i desse satsingane, men vi ser det som sjølvstøtt at denne delen av språk- og kulturfaget norsk også blir prioritert. Vi har alt tatt initiativ til auka satsing på nynorskopplæringa i lærarutdanningane, og skal i 2015 etablere eit UH-nettverk rundt dette. KD har også nyleg sendt brev til alle lærarutdanningsinstitusjonane med påminning om at dei må syte for at studentane får den rammeplanfesta opplæringa i nynorsk.

Nynorsksenteret vart etablert ved Høgskulen i Volda i 2005. Grunnen til denne plasseringa var at ein her hadde landets fremste nynorsk-knutepunkt. HVO hadde (og har) lærarutdanning og grunnfag/årsstudium i norsk, begge med solid nynorsk-profil, og eit eige Ivar Aasen-institutt med masterutdanning. Dessutan er Ivar Aasen-tunet næraste granne i Ørsta. I dette kjerneområdet for nynorskutdanning og nynorskforskning er det truleg lettare å rekruttere medarbeidarar enn nokon annan stad. Vi ser i alle fall ikkje noko anna alternativ til plassering av eit senter med «nynorskopplæring» som hovudmandat.

Det er som kjent tid for store endringar og samanslåingar i UH-sektoren. Kva som skjer med vertsinstitusjonen vår i den samanhengen, er i skrivande stund uvisst. Men sjølv om institusjonen HVO etter kvart truleg vil gå inn i ei større eining og skifte namn, vil campus og fagmiljøet i Volda etter alt å døme halde fram om lag som før. Vi reknar i alle fall ikkje med at denne UH-omorganiseringa får nokon praktiske konsekvensar for oss på kort sikt.

## 6. Årsrekneskap

Kolonne 1	Kolonne 2	Kolonne 3	Kolonne 4	Kolonne 5	Kolonne 6	Kolonne 7	Kolonne 8
Oppgave/ prosjekt	Tildeling frå Udir i 2014	Inngående balanse per 01.01.2014	Til disposisjon 2014	Budsjett 2014	Forbruk/ regnskap 2014	Utgående balanse per 31.12.2014	Merknader
Grunntildeling 2014	7 676	2 555	10 231	Lønn: 6 256 Reise: 456 Overhead: 850 Anna: 1 231 Totalt: 8 793	Lønn: 5 760 Reise: 528 Overhead 1 023 Anna: 1 179 Totalt: 8 490	1 741	<p><b>Kolonne 1:</b> - Inngående balanse er korrigerert (med +80 000) pga. summeringsfeil i økonomirapport pr. 31.12.13</p> <p><b>Kolonne 5+6:</b> - Mindreforbruk løn pga. frikjøp/ permisjonar som ikkje vart dekkja inn med vikar + utsett planlagt engasjement av toar-stilling. - Meirforbruk reise: NSNY har nasjonal målgruppe, og svært mykje skjer i Oslo. HOV-OSL med Widerøe (og vidare) er dyrt. Konesjonsbelagt strekning (dvs. ikkje konkurranse) og stort sett berre fullpris-billetter å få. - Auka dekningsbidrag (overhead): Avtale med HVO reforhandla, gjeldande frå 1.7.2014. Beløpet nesten uendra sidan 2006, då NYS hadde 5 tilsette. Ny sats utrekna etter «TDI-modellen» med utgpkt. i tal på tilsette.</p> <p><b>Kolonne 7:</b> - Utgåande balanse er redusert med kr. 814 000. Dette er i tråd med pålegg frå Udir, om enn litt mindre enn budsjettet. Vidare reduksjon er planlagt i 2015. Ein del av beløpet skal då brukast til å styrke budsjettet til Tiltaksplan 2.</p>

<p>Barnehagesatsing 1) Koordinere samarbeid mellom sentera om å produsere film som viser tverrfagleg arbeid i bhg. og synleggjer oppgåver til sentera på barnehageområdet. 2) I samarb. med Lesesenteret utvikle pedagogisk ressurs knytta til boklesing på nynorsk for alle aldersgrupper i barnehagen.</p>	1 000	0	1 000	<p>Lønn: Reise: Overhead: Anna: 1 000 Totalt: 1 000</p>	<p>Lønn: Reise: 1 Overhead: Anna: 308 Totalt: 309</p>	691	<p><b>Kolonne 2:</b> Løyvinga delt i to: 500 000 + 500 000. <b>Kolonne 5+6+7:</b> 1) Første avdrag til produsenten (308 000) utbetalt hausten 2014. Filmen ferdig jan. 2015. Siste utbetaling/ sluttoppgjør til produsenten feb. 2015. Samla kostnad blir som budsjettert, kr. 500 000. 2) Ressursen «Lesesommaren» utvikla og produsert i samarb. m. Lesesenteret. Grunnressurs ferdig og lansert i feb. 2015. Ingen utbet. i 2014, faktura frå produsentane kjem i feb. 2015. Vidareutvikling av «Bokstavsommaren» med tilleggsressursar planlagt i 2015. Tildelt løyving (500 000) skal dekke både grunnressurs og tilleggsressursar.</p>
<p>Tiltaksplan II (2014-2016)</p>	0	1 026	1 026	<p>Lønn: Reise: Overhead: Annet: 346 Totalt: 346</p>	<p>Lønn: 19 Reise: 226 Overhead: Annet: 394 Totalt: 639</p>	387	<p><b>Kolonne 2:</b> Løyving utbetalt i nov. 2013. <b>Kolonne 5+6+7:</b> Tiltaksplan 2 er planlagt og budsjettert i eit treårig løp: I 2014 har del 1 (vg-karakterforsøket) blitt prioritert. Grunnen til meirforbruk i forhold til budsjettet er at vi avvikla to arbeidsseminar med landsdekkande deltaking, ikkje eitt som opphavleg planlagt. I 2014 var det relativt små kostnader knytt til dei to andre satsingsområda. Desse kjem for fullt i 2015 og 2016. Samla kostnad for heile perioden (2014-2016) vil etter planen bli noko meir enn disponibel ekstraløyving (1 026 000). Sjå merknad over om grunnløyvinga.</p>



Vidareutvikling av støttemateriell om grunnleggande dugleikar	0	110	110	Lønn: Reise: 20 Overhead: Annet: 90 Totalt: 110	Lønn: Reise: 2 Overhead: Annet: Totalt: 2	108	<b>Kolonne 2+7:</b> Løyving frå 2013, øymerka «vidareutvikling av støttemateriell for grunnleggande dugleikar». Tidlegare plan var å bruke dette til ein filmressurs knytt til eit skriveprosjekt. Våren 2014 vart det bestemt at dette prosjektet heller skulle dokumenterast med skriftleg rapport. Beløpet blei difor omdisponert til produksjon av ein film om lesing på ungdomstrinnet, i samarbeid med Lesesenteret. Anbod til aktuelle produsentar er sendt ut i februar 2015. Produksjon og lansering av ferdig ressurs i løpet av 2015.
Eksternt oppdrag finansiert av KUD: Didaktisk nynorskprosjekt v/ Gudrun Kløve Juuhl			100		0	100	<b>Kolonne 4+7:</b> Tildeling i november 2014. Skal brukast til delvis frikjøp frå NSNY-stilling våren 2015.

## Vedlegg

### VEDLEGG 1

#### Besøksstatistikk for Nynorsksenteret sine nettstadar med vurdering av utviklinga de siste to åra.

NETTRESSURS	2014	2013	2012
Nynorsksenteret.no	<b>70 219</b>	64 886	50 209
Nynorsk bok.no	<b>34 302</b>	27 366	26 807
Berte og Iver	<b>8 378</b>	10 843	13 911
Nynorsk for dei minste	<b>12 480</b>	13 577	13 138
Teikneseriar	<b>25 465</b>	26 052	23 846
Tekstbasen	<b>16 864</b>	11 735	7 401
Typisk nynorsk	<b>6 090</b>	7 331	5 179

Brukartala frå 2012 til 2014 viser god vekst for hovudsidene (*Nynorsksenteret.no*). *Nynorsk bok.no* og *Tekstbasen* har også hatt god vekst. *Nynorsk for dei minste*, *Typisk nynorsk* og *Teikneseriesidene* har vore relativt stabile i perioden, medan *Berte og Iver*-sidene har hatt ein tydeleg nedgang. Dette har truleg samanheng med at teknologien på denne ressursen er i ferd med å verte utdatert, slik at han til dømes ikkje kan nyttast på nettbrett og andre plattformer som ikkje stør flash. Vi byrja difor på ei total omlegging av *Berte og Iver*-sidene i 2014, og skal lansere den nye varianten i 2015.

VEDELEGG 2

**Oversyn over produksjon av støtte- og rettleiingsmateriell fordelt på målgruppe (nivå/trinn) og medium.**

RESSURSNAMN	SKILDRING	Barnehage	Barnesteg	Mellomsteg	Ungdomssteg	VGO	Nettside	Papir	NY	Oppdatering
Berte og Iver	Nettsider med aktivitetar	x	x				x			x
Nynorskopplæring	Blad for lærarar og andre	x	x	x	x	x	x	x		x
Tekstbasen	Samling av nynorske sakprosaetekstar		x	x	x	x	x			x
Nyheitssending - munnleg formidling	Praksiseksempel til Udir.no				x		x		x	
Ungdomstrinn i utvikling	Fem ressursar laga til Udir.no				x		x		x	
Språkhistoria på 11 minutt	Film om formidling av språkhistoria				x	x	x		x	
Eg elsker språk	Plakat med språkstimuleringsinnspel	x						x		x
Klart vi les!	Hefte om formidling av litteratur	x	x	x	x	x	x	x	x	
Nynorsk bok.no	Nettside med boktips	x	x	x	x	x	x			x
Bokstavsommaren	Nettside om bokstavstimulering i barnehagen	x					x	x	x	
Egget	Film og ressursar om heilskapleg læring i barnehagen	x					x		x	
Nynorsk for dei minste	Nettside med ressursar for lærarar og barnehagetilsette	x					x			x
Typisk nynorsk	Ressursbase for lærarar				x	x	x			x
Nynorsk på 1-2-3	Nynorskkurs i teikneserieform			x	x	x	x	x		x
Grunnleggjande ferdigheiter med vekt på nynorsk	Småtekstar med nynorskvinkling på grunnleggjande ferdigheiter		x	x	x	x	x		x	

### VEDLEGG 3:

#### **1) Utvald forskingsrelatert aktivitet: Publikasjonar av NSNY-tilsette**

Hjalmar Eiksund:

Artikkel: «Eit fleirtalsspråk med minoritetsfordelar?» i Endre Brunstad, Ann-Kristin Helland Gujord og Edit Bugge (red.). 2014: *Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald*. Oslo: Novus.  
Innlegg på Yale-konferansen for SASS (USA), mars 2014: «A majority language with minority issues».

Pernille Fiskerstrand:

Artikkel: «Omsetjing og forståing» i Endre Brunstad, Ann-Kristin Helland Gujord og Edit Bugge (red.) 2014: *Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald*. Oslo: Novus.  
Innlegg på skriveseminar om nynorsk fagskriving, Høgskulen i Volda: «Godt språk i nynorske fagtekstar».

Marit Wadsten:

Bokkapittel: «Kopling av straumkrinsar i alle skulekrinsar i Nesset kommune. Skrive fagtekst - eit utviklingsprosjekt i fagskriving og vurdering av elevtekstar. Skulebasert kompetanseutvikling på kommunenivå» i Trude Kringstad og Trygve Kvithyld (red.) 2014: *Vurdering av skriving*. Bergen: Fagbokforlaget.

Gudrun Kløve Juuhl:

*I det mykje skrivne. Ei undersøking av ungdoms digitale tekstar i skule og fritid som situerte, retoriske handlingar.*  
Avhandling for Ph.d-graden, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo, 2014.

#### **2) Behov for ny kunnskap om nynorskopplæring:**

Tre grunnleggjande spørsmål:

- Kva er god sidemålsopplæring for ulike målgrupper?
- Korleis forgår nynorsk sidemålsopplæring i norske klasserom i 2015?
- Kva særskilde utfordringar har elevar med nynorsk hovudmål i skriveopplæringa?

Notat med utfyllande innspel om behovet for ny kunnskap på vårt fagområde kjem i løpet av 2015.